

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO

Høyring - endringar i fleire forskrifter for å leggje til rette for kontrollutrusting som eit alternativ til takstameter i drosje - fråsegn

Vi viser til dykkar brev av 10.07.20 i høve høyring om kontrollutrusting. Vestland fylkeskommune vil fremje følgjande fråsegn til søknaden:

Ved spesifikasjon av krav til utrusting, programvare m.v bør ein ta omsyn til behov som kan melde seg i framtida, slik at løysinga som vert vald er mest mogleg robust og dermed ressursparande og praktisk. Dette bør ikkje føre til meirkostnader i samband med anskaffing eller drift av utrustinga.

Døme på moglege framtidige behov kan vere kommunikasjon med andre datasystem, både eksisterande og framtidige, å enkelt kunne hente ut statistikk for type reise (om det er pasienttransport, undertransport for ruteløyvehaver, TT-transport mm) og miljøkrav til fysisk utrusting.

Vestland fylkeskommune vedtok i juni ein eigen plastreduksjonsstrategi og jobbar kontinuerleg med miljø- og klimakrav i innkjøp. Det er ønskeleg at fysiske kontrollutrustingar er i harmoni med denne strategien og desse krava.

Vestland fylkeskommune er oppteken av at den komande liberaliseringa av drosjenæringa ikkje skal stå i vegen for drosjetilbodet i distrikta, der transportørane har små marginer. Det er difor viktig at den nye kontrollutrustinga er rimeleg å skaffe og å drive.

Vi har ikkje andre kommentarar til forslaga til forskriftsendringar.

Med helsing

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar
e. f.

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Janne Dokken

Einar Atle
Årdalsbakke

Linn Cathrin Pedersen

Nils Tore Eldegard